

A misty forest scene with sunlight streaming through the trees. In the foreground, there is a grassy field with a fence made of wooden posts and wire. The sun is low in the sky, creating a golden glow and long shadows. The text 'strimur' is written in a white, elegant script font, and 'ANNE HYTTA' is written in a bold, yellow, sans-serif font below it.

strimur
ANNE HYTTA

*So ned dei seg bøygde i heilage vimur,
med kringom dei smøygde seg solrøyk i strimur.*

Utdrag frå diktet *So rodde dei fjordan* av Aslaug Vaa





Slåttespel. Ei floke av filigransarbeid ein aldri kan eller ønskjer å vikle seg ut av. Spel kom aldri lett til meg – frå eg begynte å spele som elleveåring, minnest eg ein kamp med fela. Eg ville at det skulle låte som felespelet til læraren min, Einar Løndal, men i mine hender kom det fleire ulydar enn lydar frå fela. Så blei det likevel musikk av det etter kvart. I dag er eg glad for at eg aldri var noko vidunderbarn eller stortalent. Eg har aldri trudd at noko skulle komme gratis, heller ikkje arbeidet med denne innspelinga, eit arbeid som har vore utruleg meningsfullt og temmeleg altoppslukande.

Nå er slåttespel meir ein samtale med fela, eller meir presist, ein prat med meg sjølv gjennom fela. Det er litt som å komme heim til stader ein har vore før. Samtidig er arbeidet fram mot ei innspeling eit møte med forventningar til korleis slåttane skal låte. Mest mine eigne forventningar. Det gjer vondt når draumar og avgrensingar kolliderer, men slik må det av og til vere. Det skrøpelege og det skinande kryssar veg.

For den som er van med å høyre slåttespel på hardingfele, er det mange kjente slåttar her. Men i arbeidet med denne plata har det også vore viktig for meg å presentere slåttar eller slåtteformer som ikkje er spelt inn tid-

legare. Arkivopptak har vore ei viktig kjelde, og hardingfeleverket, sjubindsverket med tusenvis av slåtteeoppskrifter, ei anna kjelde. Ramma har vore slåttespel frå Telemark, og inni denne ramma har eg søkt å fargelegge mest mogleg – ved å skape variasjon i slåttemperament og ulike felestille, og ikkje minst ved å bruke fire svært ulike feler: Løndalfela har den mørke, intense klangen, den gamle Hellandfela har den blanke, lyse tonen som skin, Steintjønndalfela har noko av det same, men er litt meir porøs og skir i klangen. Røstadfela er heil og kraftig, med ein varm kjerne i tonen som kjem i sving når ein legg sjela si i strøket.

Eg er så takksam for alle originale sjeler eg har møtt opp gjennom åra sidan eg begynte å spele. Gode forbilde har betydd alt for meg. Spelet til Einar Løndal (1914–2006) var det eg lenge strekte meg etter, frå eg kom heim til han første gong som elleveåring. Spelet til bror hans, Olav (1904–1986), har dei seinare åra også tatt sterkt tak i meg, og han er kjelde til mange av slåttane på denne innspelinga. Spelet til Buen-familien ligg elles som ein resonans for alt eg spelar.

Eg håpar at du som lyttar til plata finn glede i å høyre på, slik eg har funne glede i å finne fram i slåttane.

Anne Hytta

THOMASKLOKKENE

To kyrkjeklokker blir skilt frå kvarandre, den eine søkk ned til havsens botn. Når den andre klokka kling frå land, høyrst eit ekko frå vatnet der søsterklokka ligg. Det er vanskeleg å begripe at menneske i dag lid same skjebne.

Det finst uendeleg mange tolkingar av denne slåttene. Olav Løndal si form er utgangspunktet for min versjon, der eg har trekt frå meir enn eg har lagt til.

ELLING MYNSTER

Eg har vore betatt av denne slåttene så lenge eg kan hugse. Harmonikken, den forunderlege stemninga, særleg slik Olav Løndal spelar den. Slåtten er den same som Kivlemøygangaren, men på eit anna felestillte får den sitt eige preg. Eg har slåttene etter opptak med Olav Løndal og Halvor Uvdal.

VEUMEN

Eg har brukt ei noteoppskrift med Knut Dale frå Tinn i utforminga av denne snertne springaren.

TROLLHALLING

Trollhallingen er ein hit i hardingfele-repertoaret som eg aldri heilt har funne ut av, til eg høyrde eit opptak frå Folkemusikkarkivet i Telemark med spelemannen Gudmund Nordbø frå Bø. Da fall slåttene på plass i hendene mine.

FENSTADVISA

Det er eit kjærkomme avbrekk frå danseslåttene å spele visetonar på hardingfele. Rommet blir større, tida styrer ingenting, tonane fører og bestemmer kor lenge dei skal klinge.

Visetonespelet til Olav og Einar Løndal, som er kjeldene mine til Fenstadvisa, er rått, sårt og skjørt på same tid. Det spesielle med visetonespelet i Løndal-tradisjonen slik eg oppfattar det, er korleis tonen har skilt lag med teksten som opphavleg høyrer til tonen. Eg får eit inntrykk av at teksten har sleppt taket, at tonen lever sitt eige liv på fela, med andre betoningar og fraseringsar, og blir stroke ut av fela som var den ein streng rett frå hjartet.

GUDBRANDSDØLEN

Oldefar min Torkild O. Hytta (1864–1961) frå Hytta i Sauland var bonde, treskerjar og spelemann, men ingen som har høyrte han, kan gi gode skussmål for spelet. «Han reiv fælt med bogen», seier ei sikker kjelde. «Han trampa så jævlig», seier ei anna. Men oldefar var meir av ein levemann enn ein stor sjølvgranskar som tvila på eigne evner, og på bilde av han med fela verkar han som noko av ein stor-spelemann. Det finst ikkje opptak med han, men nyleg gjekk eg gjennom eit lydband med sambygdingen Torkild O. Mosebø, nevø av oldefar min, der han spelar slåttene Gudbrandsdølen. Han hadde lært den av oldefar.

Slik Mosebø spelar slåttene, er slik eg forestillar meg at oldefar spelte den, med den einaste forskjellen at Mosebø nok overgår lærermeisteren med eit par hakk. Eg har prøvd å halde på noko av rivinga og ruskinga til min stolte ættefar, og eit slags naivistisk fornøyeleg (over)mot.

TULLAR-MARGIT

Tullar-Margit frå Tuddal måtte på eldre dagar ut på legd. Det betydde at ho måtte ta seg inn hos familiar og bytte på å bu hos dei. I dag er det ein utenkeleg situasjon – å vere svak, gammal og ved dårleg helse og bli sendt frå familie til familie i ei fattig fjellbygd der familiane ønskjer alt anna enn å ha deg buande.

I heimen til Svein Løndal, far til Einar, Olav og Kjetil, blei Tullar-Margit tatt vel imot, og der likte ho visstnok godt å vere. På fanget til Tullar-Margit høyrde Svein Løndal fleire slåttar, ho skal ha vore svært god til å tulle slåttar, altså synge dei fram med stemma. Ein av dei forma han ut som springaren Tullar-Margit. Eg synest slåttene osar av overlevingsstrass, mot og livskraft. I eit litt større perspektiv er det ikkje lenger sidan enn i går at folk kjempa for sjansen til å leve, på same grunn kor vi lever og ferdast i dag.

HELLOSGANGAR

Einar Løndal spelte inn denne fine, vesle gangaren for meg i 1995. Han kalla den tinndølforma av Fjellmann-

jenta. Slektskapen med gangaren Fjellmannjenta er tydeleg, men i Tinn blir slåttene kalla Hellosgangar. Eg hadde heilt gløymt slåttene og innspelinga, til eg ein dag for eit par år sidan fann kassetten att. Blant fleire perler Einar spelte inn frå stresslessen i stugo på Ned-Sletta denne ettermiddagen, var heldigvis denne gangaren, som eg er blitt så glad i!

BRUREVISE

Heddal-spelemannen Ole O. Kolsrud (1821–1902) er kjelde til desse to små slåttene. Han hadde eit intrikat finger-spel med mange fine detaljar, og det er kanskje noko av dette ein høyrer att i spelet til sambygdingen Anund Haugan, som det finst fleire fine, uttrykksfulle opptak med. Visetonen innleiingsvis har eg frå eit NRK-opptak med Haugan frå 1955, der han opnar med desse fine orda: «Kjære brur og brudgom, akt dei på, om mine gávur dei er små; eg ynskjer dykkån ro og fred, og sidan salighet.»

KOLSRUDGANGAR

Det er ei glede å sette seg ned med hardingfeleverket og oppdage «nye» slåttar. Ikkje alle slåtteoppskrifter talar til meg, men denne tilforlatelege, enkle gangaren fenga meg raskt. Det finst to oppskrifter av same slåttene med Anund Haugan og Tarkjell Kolbjørnsrud, også frå Heddal. Oppskrivar er komponist og felespelar Eivind Groven. Han budde i Heddal under delar av

andre verdskrigen, og han skreiv opp slåtтар etter fleire spelemenn i Heddal og området rundt. Eg har laga mi eiga form basert på dei to oppskriftene. Slåtten er ikkje tidlegare innspelt, og er ikkje i bruk i dag, så langt eg kjenner til.

FUGLEVISA OG DAVID SLO HARPA

Desse visetonane er, som Fenstadvisa, visetonar eg har lært av Einar Løndal, som hadde dei i form etter far sin, Svein. Eg har også høyrte på opptak med broren Olav. Dei to tonane er nærskylde, og eg har sett dei saman på denne innspelinga.

SYSTERSLÅTT ETTER BJØRN LOFTHUS

Denne kontante slåttestegna er på åtte takter og tre sparsame noteliner i hardingfeleverket. Eivind Groven skreiv ned slåttestegna, slik han gjorde når han hørte noko originalt, stort eller smått. Eg har aldri høyrte nokon spele slåtten, som minner meg mykje om Springar etter Håvard Gibøen på nedstilt bass.

SYSTERSLÅTT ETTER EILEV SMEDAL

Systerslått-gangaren spelte eg også inn på mi første soloplate. Da sette eg saman mi eiga form basert på ei rekke ulike kjelder, som Johannes Dahle, Olav Løndal, Knut Vågen og Høye Kvåle. Her er den igjen, det skulle vere unødvendig å seie at det er ein slått eg føler

meg svært heime i. Varianten eg har spelt inn her, er basert på ei noteoppskrift med Eilev Smedal (1889–1938) frå Seljord, skriven ned av Eivind Groven.

SYSTERSLÅTT ETTER SVEIN LØNDAL MED EIT OPPSPEL

Slåtten startar med eit utropstegn, der den går frå det mørkaste til det lysaste. Eg har forma ut eit slags oppspel som leiar inn i den løyndomsfulle slåtten. Slåtten har eg høyrte mykje opp gjennom åra, framført av Knut Buen. Han har slåtten etter Olav Løndal, som igjen hadde den etter far sin.

KIVLEMØYANE

Bak slåttestyklusen Kivlemøyane ligg den gamle segna om dei tre søstrene Kivlemøyane, som blei lyst i bann og gjort om til steinstøtter i fjellet i Kivledalen fordi dei lokka folk ut av kyrkja med spel på bukkehorn og lur. Alle felespelarar har si eiga utforming av desse slåtterne. Torkjell Haugerud forma ut slåttestyklusen til ei heilskapleg, gjennomkomponert form som gjer eit mektig inntrykk. Høye Kvåle måla ut dramaet i ein litt rårare stil i si framføring. Når Einar Løndal stryker slåtterne poetisk og intenst, kan ein høyre orda hans: «Ein må tolke slåtten.» Eg har peila meg fram til mi eiga form med utgangspunkt i Haugerud, Kvåle og Løndal – og med den tanken at sjølv om ein mann kan lyse ei kvinne i bann, står steinstøtta att, mens mannen forsvinn.



Felene på innspelinga:

Spor 1–4: Klokkestilt (a-d-fiss-e) – Erik Johnsen Helland 1860

Spor 5–11: Oppstilt (a-d-a-e) – Gunnar Røstad 1914

Spor 12–14: Understilt (f-c-a-e) – Einar S. Løndal 1983

Spor 15–18: Trollstilt (a-e-a-ciss) – Knut E. Steintjønndalen 1893



Tune playing. A tangle of filigree from which one can never unwrap oneself, nor indeed would wish to. Playing never came easily to me – from when I first began as an eleven year old, I remember battling with the fiddle. I wanted my playing to sound like that of my fiddle teacher, Einar Løndal, but, in my hands, more unpleasant rather than pleasant sounds came out. Yet, with time, music emerged. Today I am glad that I was never a prodigy, or a great talent. I have never believed that anything would come easily, including working on this recording, a work that has been incredibly meaningful and, at times, all-consuming.

Tune playing is now more of a conversation between the fiddle and me, or more precisely, an inner conversation through the fiddle. It's a bit like returning to places that I have been before. At the same time, the work in the lead-up to a recording involves confronting preconceptions and expectations – mostly my own expectations. It hurts when dreams and constraints collide, but such is life at times. The fragile and shining crossing paths.

For those who are used to listening to Hardanger fiddle playing, you will find many familiar tunes here. But, in making this album, it has also been important for me to present tunes, or versions of tunes, that have not previously been recorded. Archive recordings have been an important

source, as has *Hardingfeleferket*, a seven-volume work with transcriptions of thousands of tunes. The framework has been tunes from Telemark and, within this framework, I have sought to add my own colour as much as possible – both by creating variations within the temperament of the tunes and using different fiddle tunings. I should also mention that I used four very different fiddles: the *Løndal fiddle* has the dark, intense sound, the old *Helland fiddle* has the shiny, radiant tone, the *Steintjønndal*

fiddle is somewhat similar, but has a slightly more porous tone with a crispy edge. The *Røstad fiddle* is full and powerful, with a warm core to the tone which swings into action when one puts ones whole soul into each bow stroke.

I am so thankful to all of the unique souls that I have encountered over the years since I started playing. Good role models have meant everything to me. The playing of Einar Løndal (1914–2006) was what I strove for for many years, from when

I first came home from his place as an eleven year old. The playing of his brother, Olav Løndal (1904–1986), has also gripped me profoundly in recent years, and he is the source of many of the tunes on this recording. The Buen-family's playing is like an underlying resonance in everything I play.

I hope that you will find pleasure in listening to these tunes, just as I have found joy in finding my own way through them.

Anne Hytta



THOMASKLOKKENE

A pair of church bells are separated from each other, one of them sinks to the bottom of a lake. When the other bell tolls from land, an echo is heard from the lake where the sister bell lies. It is difficult to conceive that humans today suffer the same fate.

There is an abundance of interpretations of this tune. Olav Løndal's version is the starting point for mine, from which I have removed more than I have added.

ELLING MYNSTER

I have been captivated by this tune – especially its harmonies and peculiar atmosphere – for as long as I can remember. Particularly in the way Olav Løndal plays it. The tune is the same as *Kivlemøyane I*, but in a different tuning it gains its own character. I picked up the tune from recordings of Olav Løndal and Halvor Uvdal.

VEUMEN

I have used a transcription by Knut Dahle from Tinn in the formulation of this playful tune.

TROLLHALLING

Trollhallingen is a Hardanger fiddle hit that I've struggled with and just couldn't get my head around for a long time. But on hearing Gudmund Nordbø's version on a recording from The Folk Music Archive in Telemark, it finally clicked, and the tune fell into place in my hands.

FENSTADVISA

To play vocal tunes (visetonar) on the Hardanger fiddle is a welcome break from playing dance tunes – space broadens out and the metric structure takes a back seat. Instead the melody is the focal point and takes on a life of its own as the notes are allowed to breathe and ring.

The vocal tune playing of Olav and Einar Løndal – my sources for *Fenstadvisa* – is raw, tender and fragile. In my opinion, what makes the Løndal tradition of vocal tune playing stand out is how the notes have parted company from the lyrics they originated from. I get the impression that the tune lives its own life on the fiddle, with different accents and phrasings – coaxed out of the fiddle as if it were a string straight from the heart.

GUDBRANDSDØLEN

My great-grandfather, Torkild O. Hytta (1864–1961), from Hytta in Sauland was a farmer, wood carver and fiddler, but no-one who heard him has anything good to say about his playing. “His bowing was so harsh”, says one reliable source. “He tapped his foot way too loudly”, says another. But great-grandfather was more of a happy-go-lucky character than someone who doubted his own abilities, and in the picture of him with his fiddle he has the air of a master fiddler about him. There are no recordings of him, but I recently went through a tape with Torkild O. Mosebø, my

great-grandfather's nephew, playing the tune *Gudbrandsdølen* as taught to him by my great-grandfather. How Mosebø plays the tune is how I imagine my great-grandfather played it, the only difference being that Mosebø probably surpasses his teacher by a couple of notches. I've tried to retain elements of the brashness of my proud ancestor, and a kind of naïve and pleasurable overconfidence.

TULLAR-MARGIT

Tullar-Margit is an historic figure from 19th century Tuddal in Telemark. As an elderly woman she had to be housed with different families in an arrangement called *Legd*; Families were obliged to house elderly people for a period, and they would circulate from farm to farm to share the burden across the community. Nowadays, this is an unimaginable situation – to be weak, old and in bad health and be sent from family to family in a mountain area where families wish for anything other than to have you living there.

Tullar-Margit was welcomed at Svein Løndal's home, father of Einar, Olav and Kjetil, and she liked it there. Svein Løndal heard several tunes whilst sitting on Tullar-Margit's lap, she was supposedly very good at diddling tunes, and he developed one of them into the springar tune *Tullar-Margit*. To me the tune is brimming with defiance, courage and joie-de-vivre. In a slightly larger perspective, it is just yesterday that people struggled to

survive in the exact same areas where we today live our modern and relatively care-free lives.

HELLOSGANGAR

Einar Løndal recorded this nice little gangar tune for me in 1995. I had completely forgotten about the tune and the recording until one day a couple of years ago; I found the cassette and was instantly brought 20 years back in time. Amongst several wonderful tunes Einar recorded from his easy chair in the livingroom on his small farm Ned-Sletta that afternoon was this little gem, which I have grown so very fond of!

BRUREVISE

The fiddler Ole O. Kolsrud (1821–1902) from Heddal in Telemark, is the source of this little tune. His fingering was intricate, with many fine details, and one perhaps hears elements of this in the playing of his fellow Heddal fiddler, Anund Haugan (1883–1962), of whom there are several fine and expressive recordings. I initially got this tune from a recording of Haugan from 1955, in which he opens with these nice words: “Dear bride and groom, pay heed, for my gifts they are small; I wish you peace and quiet, and then salvation.”



KOLSRUDGANGAR

It is a pleasure to sit down with *Hardingfeleverket* and discover “new” tunes. Not all of the transcriptions speak to me, but this modest and simple tune quickly grabbed my attention. There are two transcriptions of the same tune as played by Anund Haugan and Torkil Kolbjørnsrud, both from Heddal. Both versions are transcribed by composer and fiddler Eivind Groven who lived in Heddal during parts of the Second World War and transcribed tunes from several fiddlers in Heddal and the surrounding areas. I have created my own version based on these two transcriptions. The tune has not previously been recorded and is not in use today, as far as I know.

FUGLEVISA AND DAVID SLO HARPA

These tunes are, as with *Fenstadvisa*, tunes which I learnt from Einar Løndal, whose versions were passed on to him by his father, Svein. I have also listened to a recording of his brother, Olav. The two melodies are closely related, and I have merged them into one for this recording.

SYSTERSLÅTT AFTER BJØRN LOFTHUS

This concise tune is eight bars long and takes up three sparse lines in *Hardingfeleverket*. Eivind Groven notated this tune-haiku, as he normally did whenever he heard something original, no matter how big or small. I have never heard anyone play this tune, which slightly reminds me of the tune *Springar etter Håvard Giboen*.

SYSTERSLÅTT AFTER EILEV SMEDAL

I also played this tune on my first solo album where I put together my own form based on a number of different sources, such as Johannes Dahle, Olav Løndal, Knut Vågen and Høye Kvåle. Here it is again, but this time I have based it on a transcription of the playing of Eilev Smedal (1889–1938) from Seljord. Needless to say, this is a tune close to my heart!

SYSTERSLÅTT AFTER SVEIN LØNDAL, WITH A PRELUDE

The tune starts with an exclamation mark, as it goes from the darkest to the brightest register. I have created a kind of prelude, which leads into the clandestine tune. Over the years I have heard the tune performed by Knut Buen on several occasions. He learned the tune from Olav Løndal, who, in turn, learned it from his father.

KIVLEMØYANE

Behind this tune-cycle, is the old legend of Kivlemøyane. It tells of three sisters who were excommunicated and turned into stone pillars in the mountains of Kivledalen because they lured churchgoers out of the church by playing their bukkehorns and wooden lures. All fiddle players have their own versions of these tunes: Torkjell Haugerud developed the tune cycle into a full-fledged composition that makes a powerful impression. Høye Kvåle painted the drama with a slightly rawer style; and Einar Løndal’s poetic and intense playing rings with his words: “One must interpret the tune!”. I have arrived at my own form based upon Haugerud, Kvåle and Løndal, and also with this in mind: Even though a man can excommunicate a woman, the standing stone still exists as the man disappears.

- 1 **THOMASKLOKKENE** 2:17
- 2 **ELLING MYNSTER** 3:30
- 3 **VEUMEN** 2:01
- 4 **TROLLHALLING** 1:34
- 5 **FENSTADVISA** 2:07
- 6 **GUDBRANDSDØLEN** 1:45
- 7 **TULLAR-MARGIT** 3:44
- 8 **HELLOSGANGAR** 2:20
- 9 **BRUREVISE** 0:48
- 10 **KOLSRUDGANGAR** 1:40
- 11 **FUGLEVISA OG DAVID SLO HARPA** 2:20
- 12 **SYSTERSLÅTT ETTER BJØRN LOFTHUS** 1:19
- 13 **SYSTERSLÅTT ETTER EILEV SMEDAL** 1:51
- 14 **OPPSPEL OG SYSTERSLÅTT ETTER SVEIN LØNDAL** 3:22
- 15 **KIVLEMØYANE FYRISPEL** 0:49
- 16 **KIVLEMØYANE I** 2:57
- 17 **KIVLEMØYANE II** 2:16
- 18 **KIVLEMØYANE III** 3:04

Recorded at Rainbow Studio on the 1st and 2nd of November and 7th December 2016.
Mixed and mastered at Rainbow Studio on the 15th and 16th of February 2017.
Sound Technicians: Jan Erik Kongshaug and Peer Espen Ursfjord
Producer: Tore Bolstad
Cover photo: Ingimage
Photography: Ingvil Skeie Ljones
Graphic design: Eva Karlsson
English translation: Sarah-Jane Summers and Ulrik Ibsen Thorsrud

Takk til ta:lik som gir ut plata, takk til Folkemusikkarkivet i Telemark ved Kari Lønnestad for hjelp og velvilje med arkivopptak, takk til A. Audhild Solberg og og Ross Daly for kyndig språkvask, takk til Knut Buen for inspirasjon og rettleiing opp gjennom åra, takk til Synnøve S. Bjørset for velvillig lytting, takk til Ottar Kåsa for utmerka stell og rigging av felene mine, takk til Anne Marie Fosse Teigen og familien Fosse for utlån av nydeleg Steintjønndalfele, takk til Tore Bolstad for den beste hjelpa eg kunne få, takk til Løndal-familien for musikken.

Strimur er gitt ut med støtte frå Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilde, Fond for utøvende kunstnere og MFOs vederlagsfond.